



Trond Myklebust i uttaksområdet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Arbeidet med utskipingsplass på Børnes er lagt på vent til planane for sandtaket er godkjende. Det lar seg ikkje levera til båt utan lasteanlegg med mellomlagring.**

**Dette går fram av referatet frå almannamøtet om sandtaket som vart halde i Gamleskulen 11. januar. Saka kjem opp under årsmøtet i Uskedalen Utvikling måndag.**

Det møtte 17 av naboane på almannamøtet og i tillegg tiltakshavar Trond Myklebust, Ingo Bewer frå kommunen og rådgjevar Harald Bjørndal.

Det er Bjørndal som har skrivt referatet og han skriv mellom anna at det etter 2 timar aktivt møte med mange innlegg, spørsmål og merknader er vanskeleg for referenten å få med seg altslit gjerne deltakarane kunne ynskt. Referatet har vidare dette innhaldet:

#### **Støy:**

Støymålingar er gjort fysisk med måling nær maskin/soldeverk og tilhøyrande målingar rundt til hus i nabolaget. Målt støynivå ligg innafor krava. Det var skepsis til at dette ville stemma dersom maskiner vart flytta eller nye maskiner sett i drift. Det er mogeleg for kommunen å leggja opp eit overvåkningsprogram. Trond og Ingo var einige om at eit krav til måling ved endra forhold og ved oppstart av nye maskiner skulle inn i vedtektene.

#### **Forureining av lakselva med finstoff frå uttak eller vasking:**

Dette var eit emne som mange tok opp. Bekkar gjennom uttaksområdet skal leggjast midlertidig i røyr. Det skal leggjast 2 sedeimenteringsbasseng som skal ta imot vatn frå uttaksområdet. Dette skal hindra at finstoff renn ut i elva. Finstoff som vert aust opp frå sedimenteringsbassenga er ettertrakta jordforbedringsmiddel.

#### **Vegbreidde på den private vegen inn til sandtaket og eventuell alternativ veg:**

Emnet vart mykje diskutert. Trond orienterte om vegalternativ og problem med stigning og store skjæringar. Alternativet burde vore beskreve i konsekvensutredninga under trafiksikringsvurdering. Vegbreidde,

vegbreiddsbehov, makebytte m.m. vart diskutert. Oversikt i vegkrysset inn på fylkesvegen vart kritisert.

### **Fylkesvegen standard, farlege situasjonar, mjuke trafikantar:**

Dette vart eit stort emne. Veggen er oppklassifisert til 10 tonns akseltrykk og vogntoglengde 12,5 meter. Trond ynskjer å få veggen oppgradert til vogntoglengde 19,5 meter. Då må det lagast forbikjøringar. For dei som ikkje har rett på gratis skuleskyss tilbyr sandtaket å refundera busskort. Sandtaket må søkja om fartsgrense 60 kilometer. I frå salen vert det bedt om at det vert teke opp dialog med vegvesenet om vedlikehaldet.

### **Uttransport med båt:**

Arbeidet med utskipingsplas på Børnes er lagt på vent til planane for sandtaket er godkjende. Det lar seg ikkje levera til båt utan lasteanlegg med mellomlagring.